



MØTEPROTOKOLL KOMMUNESTYRET

Møtedato: 14.03.2023
Møtestad: Kommunestyremøte
Møtetid: 09:00 - 16:00

-Kommunestyremøte
-Temamøte

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Hege Eide Vik	SP	Ordførar
Kjartan Haugsnes	SV	Varaordførar
Thor Andersen	AP	Medlem
Heidi Rongved	AP	Medlem
Lisa Natalie Johnsen Lunde	AP	Medlem
Ole-Anders Brekkhus	AP	Medlem
Anne Christin Eide	AP	Medlem
Boris Groth	FRP	Medlem
Trygve Jakobsen	FRP	Medlem
Edvin Hesjedal	H	Medlem
Trond Olav Magnussen	H	Medlem
Ivar Rødland Bergo	SP	Medlem
Line Eide Vik	SP	Medlem
Renathe Vik	SP	Medlem
Line Kydland	SV	Medlem
Evy Beate Kvamme	SV	Medlem
Mona Grenasberg	SV	Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Maren A. Hesjedal Thorkildsen	AP	Varamedlem
Kim André Hop Gregersen	H	Varamedlem
Anneli Vatile Lilletvedt	H	Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Amalie Johnsen Lunde	H	Kim André Hop Gregersen
Arne Normann	KRF	-
Erlend Hesjedal-Johannessen	H	Anneli Vatile Lilletvedt
Ståle Kallestad Hesjedal	AP	Maren A. Hesjedal Thorkildsen



Andre møtande:

Atle Fasteland, Åse Elin Myking

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
13/2023	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
14/2023	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
15/2023	REFERATSAKER OG MELDINGAR
15/2023.1	TILSTANDSRAPPORT SØRFJORDEN BARNEVERN 2022
16/2023	VAL AV DEKKE PÅ NY IDRETTSBANE PÅ VAKSDAL



13/2023: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Kommunestyret 14.03.2023

Behandling:

Samrøystes vedteke.

KOM - sak 13/2023 Vedtak/Tilråding:

Innkalling og saksliste vart godkjent.

14/2023: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent slik han ligg føre.

Kommunestyret 14.03.2023

Behandling:

Samrøystes vedteke.

KOM - sak 14/2023 Vedtak/Tilråding:

Møteprotokollen vert godkjent slik han ligg føre.

15/2023: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.

Kommunestyret 14.03.2023

Behandling:



Samrøystes vedteke.

KOM - sak 15/2023 Vedtak/Tilråding:

Referatsakene vart tatt til orientering.

15/2023.1: TILSTANDSRAPPORT SØRFJORDEN BARNEVERN 2022

Kommunestyret 14.03.2023

Behandling:

KOM - sak 15/2023.1 Vedtak/Tilråding:

16/2023: VAL AV DEKKE PÅ NY IDRETTSBANE PÅ VAKSDAL

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Å reetablere idrettsbana er ei stor investering for kommunen. Kommunen ynskjer å velje gode løysingar for miljøet. I dette prosjektet er meirkostnaden ved alternative løysingar vesentleg høgare enn ved gummigranulat. Kostnadane ved alternativ materiale vil vere høgare enn kostnadsramma for prosjektet. Kvaliteten ved løysingane er også uviss. På dette grunnlag godkjenner kommunestyret bruk av gummigranulat som fyllstoff i reetablert idrettsbane på Vaksdal.

Tilleggsforslag frå SP, SV og H:

Kommunestyret vil understreke viktigheita av heilårsbruk og miljø ved reetablering av idrettsbana på Vaksdal. I dag er det ikkje på plass gode nok teknologiske løysingar til erstatning for gummigranulat for kunstgrasbanar.

Kommunestyret ber administrasjonen arbeide vidare med slike punkt i prosjektet:

1. Kommunestyret understrekar at idrettsbana på Vaksdal skal vere i heilårsdrift.
2. Kommunestyret godkjenner bruk av gummigranulat som fyllstoff i reetablert idrettsbane på Vaksdal og tilrår fortrinnsvis bruk av TPE.
3. Prosjektet skal innhente prisar både på SBR (sirkulært gummi frå bildekk) og TPE (ny gummi) og vurdere dette samla i samband med anbodet.
4. Endeleg val av type gummigranulat vert handsama av kommunestyret når endelege kostnader for



prosjektet vert kjent.

Forslag frå AP:

Kommunestyret vedtek å leggje kunstgras med TPE som fyllstoff i reetablert idrettsbane på Vaksdal.

Kommunestyret 14.03.2023

Behandling:

Kommunalsjef Åse Elin Myking orienterte i saka.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart sett opp mot AP sitt forslag til vedtak.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak fekk 13 stemmer (SP, SV, H, FRP) og vart vedteke. AP sitt forslag til vedtak fekk 6 stemmer (AP) og falt.

SP, SV og H sitt tilleggsforslag vart samrøystes vedteke.

KOM - sak 16/2023 Vedtak/Tilråding:

Å reetablere idrettsbana er ei stor investering for kommunen. Kommunen ynskjer å velje gode løysingar for miljøet. I dette prosjektet er meirkostnaden ved alternative løysingar vesentleg høgare enn ved gummigranulat. Kostnadane ved alternativ materiale vil vere høgare enn kostnadsramma for prosjektet. Kvaliteten ved løysingane er også uviss. På dette grunnlag godkjenner kommunestyret bruk av gummigranulat som fyllstoff i reetablert idrettsbane på Vaksdal.

Kommunestyret vil understreke viktigheita av heilårsbruk og miljø ved reetablering av idrettsbana på Vaksdal. I dag er det ikkje på plass gode nok teknologiske løysingar til erstatning for gummigranulat for kunstgrasbanar.

Kommunestyret ber administrasjonen arbeide vidare med slike punkt i prosjektet:

1. Kommunestyret understrekar at idrettsbana på Vaksdal skal vere i heilårsdrift.
2. Kommunestyret godkjenner bruk av gummigranulat som fyllstoff i reetablert idrettsbane på Vaksdal og tilrår fortrinnsvis bruk av TPE.
3. Prosjektet skal innhente prisar både på SBR (sirkulært gummi frå bildekk) og TPE (ny gummi) og vurdere dette samla i samband med anbodet.
4. Endeleg val av type gummigranulat vert handsama av kommunestyret når endelege kostnader for prosjektet vert kjent.



Vaksdal kommune



ORIENTERING FRÅ ORDFØRAR HEGE EIDE VIK (SP):

-Den økonomiske situasjonen til Kyrkjeleg fellesråd er ein utfordring. Det er vilje til å sette av kr 750.000 til Kyrkjeleg fellesråd i 2023. Ordførar har bedt kommunedirektøren om ein sak på dette til formannskap og kommunestyret i april og mai.

-28.februar: Felles møte med ordførar i Voss herad saman med Bane NOR, VY og Statens vegvesen om samarbeid og utfordringar ved stengt veg og bane. Bane NOR, VY og Statens vegvesen skal ha tettare kontakt og sikre felles planar ved stengt veg og bane.

-Dalevågtunnelen og Hernestunnelen vil bli 90% ferdigstilt i august/september 2023, heilt ferdig vinter 2023/2024. Dette gjeld dei 5 tunnelane frå Dalevåg til Hernes. Dei resterande 3 tunnelane vil 90% ferdigstillast fram mot sommaren 2024.

-Det er startet på den siste sprengningen for teknisk bygg i Trollkonetunnelen, når dette er ferdig går dei over i 4 dagers arbeidsveke. Ein reknar med at dette skjer innan utgangen av april.

-Det skal forlengje og forsterke portal på Dalesiden av Dalseidtunnelen 50 meter. E16 ved Dalseidtunnelen vil bli heilt stengt i opptil eit døgn i forbindelse med støyping. Dette vil foregå typisk natt til søndagar, 6-7 støypingar med 2-3 vekers mellomrom. Dei fyrste vil skje til hausten med opphald om vinteren, og nokre til neste vår.

-Det er planlagt 77 dagar med buss for tog i 2023. VY og Bane NOR har arbeidet fram ein løysing der ein kun stengjer Arna-Bergen når det er nedstengjing av bana.

-Innspel til togrute må sendast inn innan 1.april 2023. Frå 1.mai 2024 vil ein presentere nye stabile ruter som vil gjelde i 10 år.

-Stopp på Bergensbana på Dale, ordførar spelte inn på møtet at vi ønskjer at dette kjem opp igjen på samme nivå som før arbeidet på bana begynte. Deira råd var å prioritere hvilke stopp som var dei viktigaste. Ordførar tek imot begrunna innspel frå kommunestyet og sender inn.

-Vy har tilbudt eit møte med styret i pendlarforeininga når dette er etablert.